

MATFAG



Plussprodukt

Beskriving

Denne filmen viser korleis mest mogleg av ulike råvarer kan utnyttast til ulike produkt. Det somme vil rekne som eit avfallsprodukt, kan for andre vere ei verdifull råvare. Sentrale omgrep i filmen er berekraftig utvikling, råvareutnytting, biprodukt, plussprodukt og avfallshandtering.

Omgrep

Spesifisert risikofylt materiale (SRM): Dette er eit omgrep som kom inn etter kugalskapen i 1990-åra. Det som blir rekna som SRM-avfallet, er dei delane av slaktet som blir vurderte som ei mogleg smittekjelde for kugalskap (storfe) eller skrapesjuka (sau), til dømes kraniet, ryggraden, mandlane og delar av tarmane.

Destruerer eller destruksjon: Å bryte ned, øydeleggje eller utslette materiale.

Spørsmål

- 1 Kva meiner ein med omgrepet berekraftig utvikling?
Gi døme på kva berekraftig utvikling kan innebere i matbransjen.
- 2 Kva trur du er bakgrunnen for at nokre bedrifter vel å bruke omgrepet plussprodukt i staden for omgrepet biprodukt?
- 3 Gi andre døme på biprodukt enn dei som er nemnde i filmen.

Fordjupingsoppgåver

- 1 Besøk ein matprodusent i nærområdet ditt og finn ut kva dei gjer med det som blir til overs i ulike trinn i produksjonsprosessen. Spør om det er noko av det som blir svinn i denne produksjonslinja, som kan utnyttast i andre produksjonar. Prøv også å finne ut litt om kvifor det er så viktig å ha minst mogleg svinn i produksjonen.

MATFAG



- 2 Lag eit skjema for å registrere svinn før neste praktiske produksjon. I dette skjemaet skal du ha plass til å registrere svinn på ulike trinn i prosessen, til dømes reinskjering, skrelling, koke- og steikjesvinn, restar i utstyr, smaksprøvar, produkt som har falle på golvet, osb.

Lag ein kolonne i skjemaet ditt der du kan foreslå korleis svinnet kan reduserast eller utnyttast i andre produkt.

Kva er viktig dersom «svinnet» skal brukast som råvare i ein annan produksjon?